



Ålfotbreen. Arkivfoto.

Stor smelting på Ålfotbreen

Målingar frå NVE i år viser at den varme sommaren både i nord og sør har ført til stor bresmelting, og dei fleste isbreane i landet endar med eit masseunderskot.

– Bresmeltinga sommaren 2025 er den tredje største som er målt, seier Hallgeir Elvehøy, glasiolog i NVE, i ei pressemelding.

I Sør-Noreg var vintersnømengda på mange brear nær normal, med unntak av lågareliggjande brear på Vestlandet som fekk lite

sno. Ein lang og varm sommar førte til mykje bresmelting, spesielt på dei lågareliggjande breane.

Ålfotbreen i Nordfjord er ein av dei breane som ligg lågast i Sør-Noreg. Gjennom ein mild vinter kom mykje av vinternebbøren der som regn, og snømengda vart derfor berre to tredelar av normalen. På den austlege delen av Ålfotbreen var bresmeltinga gjennom sommaren den tredje største som er målt sidan målingane starta i 1986. Årets underskot er det nest største som er målt.

Målingar på andre brear

i Sør-Noreg viste også stor bresmelting, og mange brear endar med eit masseunderskot i 2025. Satellittbilete frå tidleg på hausten viser at det ligg igjen ein del vintersnø på nokre av dei store breane og i nokre høgtliggjande område, men at svært mange brear har lite eller ingen vintersnø igjen.

NVEs bresmøntmålingar i år viser at 33 av 37 målte bresmøntar har smelta tilbake. Dei målte breane har på landsbasis i gjennomsnitt smelta tilbake 20 meter i år og 228 meter sidan 2015. (©NPK)

Ber kommunen om å oppretthalde støtta

Dersom Stortinget vedtek auka økonomiske løyvingar til kommunane i sitt endelege statsbudsjett, ber Olav Klungre om at kommunestyret gjer ei ny vurdering av den økonomiske støtta til Midtvegen 615 AS.

Inger H. Aske Lothe
inger@firdatidend.no



Olav Klungre er styreleiar i Midtvegen 615 AS, medan Ole-Bent Søreide er styremedlem.

FOTO: ARKIVFOTO

Klungre har sendt inn ein merknad til Gloppen kommune sin handlings- og økonomiplan for perioden 2026-2029. Denne ligg ute til offentleg gjennomsyn.

Støtta er fjerna

- Vi har registrert at 100 prosent av den økonomiske støtta til Midtvegen 615 AS er fjerna frå handlings- og økonomiplanen, skriv han.

Han ber om at det årleg vert lagt inn 35.000 kroner i budsjettet som støtte til Midtvegen 615 dei neste fire åra dersom kommunen får auka løyvingar, men legg samtidig til at støtta kan trappast ned til 20.000 kroner frå 2030.

- Fylkesveg 615 er den lengste fylkesvegen i Gloppen kommune. 15. september vart han nominert som ein av ti finalistar av ein fagjury og 8. oktober kåra til

Noregs nest dårlegaste fylkesveg av folket, påpeikar Klungre i merkningen, og legg til at

Demens i familien?

Snakk med våre fagfolk

DEMENSLINJEN



23 12 00 40

Eller send oss en e-post på
demenslinjen@nasjonalforeningen.no

PENSJONISTMØTE

Gloppen pensjonistlag - ope for alle, også ikkje-medl.

Velkomen til JULEMØTE
Gloppen Hotell onsdag 10.12. kl. 17.00.

- Ragnar Andenæs opnar møtet, samt litt info.
- Kåseri: Ein smak av Jul v/Kåre Gimmedstad
- Julemat og Lynlotteri
- Underhaldning v/ Soul Children



Påmelding innan måndag 8. desember,
til Anne Henden tlf / SMS 951 98 461.
Kr 475,- pr. person.

Gloppen pensjonistlag

Statsforvaltaren seier nei - igjen

Aadne Gløppestad
aadne@firdatidend.no

Oter gjev eit betydeleg predasjonstrykk på laksebestanden i Ryggelva i Gloppen, ein bestand som frå før er sterkt svekka. Arbeidsgruppa meiner situasjonen er kritisk, og at uttak av oter kan betre situasjonen for laks i elva. Dei har difor søkt om fellingsløyve på den freda arten.

Elveeigarlaget/arbeidsgruppa viser til at dei har gjort systematiske forsøk på skremming av oter, primært ved å gå langs elva fleire gongar i veka, også med bruk av hund.

Vidare har dei hengt opp klesplagg ved elva, det er lagt ut luktspor og det er laga støy med maskiner og køyretøy. Resultata av tiltaka har vist seg å vere små. Det er sett opp to viltkamera ved elva.



John Andreas Ravnstad (f.v.), Odd Lothe, Ole-Kristen Gimmedstad og Ørjan Moen i arbeidsgruppa for kultivering av Ryggelva. Arkivfoto.

Desse har ofte bilete av oter, i tillegg til raudrev, kattar, gråhegre og mink. Statsforvaltaren meiner skaden forårsaka av oter ikkje er eller kan bli av vesentleg betyding, og at

det er knytt usikkerheit til om uttak er eigna til å stanse eller vesentleg avgrense skadesituasjonen.

- Uansett løyser ikkje uttak av oter i Ryggelva

problemet med predasjon permanent, og ein finn tilsvarande forhold i fleire andre elvar i regionen. Vi meiner at arbeidet med forebyggjande tiltak, spesielt i gytetida, må halde fram, og vi ser ikkje at felling av oter er ei god løysing på utfordringane i vassdraget, skriv Statsforvaltaren i vedtaksbrevet.

Arbeidsgruppa for kultivering av Ryggelva har søkt om fellingsløyve på oter fleire gongar tidlegare, Statsforvaltaren har avslått alle søknadene.

I sommar søkte Gloppen elva Forvaltningslag om to skadefellingsløyve etter at opptak frå 16. juni viste oter som tok laks i ei av laksetrappene i Evebøfossen.

Også den søknaden avslø Statsforvaltaren i Vestland.



NORDFJORD
folkehøgskule

Julehjelp 10. desember

Folkehøgskuleelevene treng arbeidsplass for ein dag, til inntekt for bistandsprosjekt.

Treng du hjelp til praktisk arbeid?

Pris pr. elev i arbeid: 500 kroner.

Tid: ca. kl. 09.30 – kl. 14.00 (4 timar)

Bestill julehjelp i skjema som du finn på:

<https://triluftslivskulen.no/bistand/>

Ved spørsmål, ring skulen: Tlf. 57 86 80 40